NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR

INVITERAR TIL

# ÅRSMØTE
# FAGDAGAR 2009 I STAVANGER

10. - 11. juni 2009

Tema:

Brukarfokusert kyrkjegardsdrift



Bilete frå Lagård gravlund

## ÅRSMELDING OG ÅRSMØTEINNKALLING
## PROGRAM OG PÅMELDINGSSKJEMA FOR FAGDAGANE

# FAGDAGAR 2009 I STAVANGER

## Tema: Brukarfokuset gravferdsdrift

ONSDAG 10. JUNI

Kl 09.00 Registrering – kaffi og mat/frukt
Kl 10.00 Velkommen
Kl 10.15 Forventningar til kyrkjegarden når vi har ei grav å besøke
Samtale med Bjørg Kvåle
Kl 10.35 Kyrkjegarden si rolle i høve til identitet og historie
v/ byarkivar Bodil Wold Johnsen
Kl 11.15 Kyrkjegarden som arena for kulturarrangement
v/lærar Gunn Brigitte Danielsen, kyrkjeverje i Arendal Einar Bore og kyrkjeverje i Stavanger Sven Inge Thorstvedt
Kl 11.40 De tusen detaljer v/kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg
Kl 11.55 Presentasjon av gravlundane i Stavanger v/gravlundssjef Eirik Stople
Kl 12.15 LUNSJ
Kl 13.30 Besøk på Hundvåg gravlund
Erfaring med full masseutskifting på nye gravfelt, namna minnelund
Kl 14.15 Besøk på Eiganes gravlund
Utforming av urnefelt, namna minnelund, krigsgraver
Stavanger krematorium: Nybygg med kremasjonsomn og renseanlegg
Kl 15.30 Årsmøte i Norsk forening for kirkegårdskultur
I Krematoriets seremonisal
Kl 17.45 Besøk på Ogna kyrkjegard og kyrkje
Kl 18.45 Festmiddag på Jærgarden Kvalbein
Kl 21.00 Kveldsstemning på Varhaug gamle kyrkjegard
v/bonde og forfattar Tobias Skretting

TORSDAG 11. JUNI

Kl 09.00 Gravlundsmelding for Sandnes 2006-2030.
Grunnlagsdokument for utvikling av gravlundane i kommunen.
v/Park- og idrettssjef i Sandnes kommune Ingjerd Bratterud
Kl 09.20 Universell utforming - Tilrettelegging av tilgjenge for alle
v/ Rådgjevar Karen Kjeldsberg Pihl, Helsedirektoratet/Deltasenteret
Kl 10.00 Kyrkjegardsplan v/L.ark Aud Wefald og Ida Helen Tørud
Kl 11.45 Matpause
Kl 12.15 Grøne blikkpunkt gjer kyrkjegarden vakrare
v/Landskapsingeniør Per Göran Marcusson
Kl 12.35 Verksemdas kompetanse v/kompetansesjef i KA Marit Halvorsen Hougsnæs, rådgjevar i Fagforbundet Trygve Natvig, og dagleg leiar i SOA opplæring Nina Åshaug
Kl 14.00 Spørjetime
Kl 14.30 LUNSJ og avslutning

*Informasjon om stad og pris: Sjå side 11*

# NORSK FORENING FOR KIRKEGÅRDSKULTUR

## ÅRSMØTEINNKALLING

Det blir med dette kalla inn til årsmøte i Norsk forening for kirkegårds-kultur **onsdag 10. juni 2009 kl. 15.30** i seremonisalen ved Stavanger krematorium, Steingaten 68, Stavanger.

**Dagsorden:**

1. Konstituering
   a. Opprop
   b. Val av dirigent
   c. Val av to referentar
   d. Val av to medlemmer som saman med dirigenten skal underskrive protokollen
   e. Vedtak av dagsorden
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Fastsetting av kontingent
5. Budsjettforslag
6. Innkomne saker
   Orienteringssak om ny medlemsundersøking
7. Val av styremedlemmer og varamedlemmer
8. Val av revisor
9. Val av valkomité
10. Fastsetting av stad for neste årsmøte

## SAK 2: ÅRSMELDING

Norsk forening for kirkegårdskultur er ei forening som drives frå Drangedal. Årsmeldinga er for andre halvdel av 2008 og første halvdel av 2009.

**Tillitsvalde:**

| | | |
|---|---|---|
| Leiar: | Johannes Sørhaug, kyrkjesjef i Porsgrunn | (valt -08) |
| Nestleiar: | Naomi Louise Wilde, landskapsarkitekt, Bærum | (valt -08) |
| Styremedlemmer: | Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger | (valt -07) |
| | Tove Kirsten Hansen, kyrkjeverje i Alstahaug | (valt -07) |
| | Hans Jakob Nes, kyrkjeverje i Molde | (valt -08) |
| Vararepr.: | Randi Moskvil Letmolie, kyrkjeverje i Horten | |
| | Ola Kristian Asp, Vestfold og Telemark Krematorium IKS | |
| Revisor: | Ernst & Young AS | |
| Valkomité: | Mary Mentzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad | |
| | Harald Geir Sæther, kyrkjeverje i Fusa | |
| Tilsette: | Synnøve Haugstad Sira (75%) | |
| | Bjarne Kjeldsen (50%) | |

**Årsmøtet 2008**

Årsmøtet fant stad torsdag 28. august kl 19.00 på Rica Hotel Gardermoen, Gardermoen næringspark i Jessheim. Det møtte 72 personar på årsmøtet, 41 av dei hadde stemmerett. Gunnar Wik blei valt til dirigent. Bjarne Kjeldsen og Synnøve Haugstad Sira blei valde som referentar, og Knut Jørgen Syvertsen og Elisabeth Firing til, saman med dirigenten, å underskrive protokollen. Det stod 10 saker på dagsorden. Framlagt årsmelding for andre halvdel av 2007 og første halvdel av 2008 og rekneskap for 2007 blei godkjent, og budsjett for 2009 teken til etterretning. Dagsorden og årsmelding blei godkjent utan merknader. Det var ingen innkomne saker for drøfting.
Val: Johannes Sørhaug blei valt som leiar for to år.
Naomi Louise Wilde (gjenval) og Hans Jakob Nes (ny) blei valt til styremedlemmer for to år.
Varamedlemmer Randi Moskvil Letmolie og Ola Kristian Asp valde for eit år.
Ernst & Young AS blei valt som revisor.

**Sekretariat**

Sekretariatet held til i leide kontorlokale på Neslandsvatn i Drangedal i Telemark. Synnøve Haugstad Sira har 75% stilling som kontor- og kursleiar, med kontortid mandag - torsdag kl. 09.00 - 16.00. Kontorleiar fører rekneskapen og er sekretær for styret.
Bjarne Kjeldsen er tilsett som prosjektleiar i 50% stilling. Han har kontor i Kirkens Hus i Oslo. Kjeldsen blir ved behov leigd ut på timebasis til sekretariattenester for Norsk kremasjonsstiftelse.
Arbeidsmiljøet er bra. Det har vore lite sjukefråvær i perioden.

**Styrets arbeid**

Det er halde fire styremøte i perioden, to i andre halvdel av 2008 og to i første halvår 2009. Det er behandla i alt 46 saker.

Hovudsakene har vore:

***Fagdagar og kurs*** (eige punkt i årsmeldinga)

***Rekneskap og budsjett*** (eigne årsmøtesaker)

***Fagleg råd:*** (eige punkt i årsmeldinga)

***Vilkår ved deltaking på kurs og fagdagar:*** Deltakarrabatten er endra slik at alle medlemmer får same rabattsats på 25%. Avmeldingsgebyr er endra til faste avgiftssatsar i to trinn.

***Samarbeide med KA:*** Reforhandling av samarbeidsavtalen med KA.

***Nye nettsider:*** Arbeid med å få etablert nye og utvida nettsider for Kirkegårdsforeningen. Samtidig vil den grafiske profilen bli oppdatert.

***Strategi:*** Ei spørjeundersøking blant våre medlemmer er under gjennomføring, for å definere strategien framover.

***Informasjon til nye fellesråd:*** Styret har beslutta å bruke haustnummeret av bladet Kirkegården til informasjon til dei nyvalde kyrkjelege fellesråda om kyrkjegarden og kyrkjegardsdrift. Det vil bli søkt Kyrkjedepartementet om å få dekka ekstrautgifter til utsending, slik at alle medlemmer kan få kvar sitt eksemplar av bladet.

***Internasjonalt samarbeide:***

Neste nordiske kongress skal vere i Norge i 2013, og arbeidet med å finne ein eigna stad er i gang. Invitasjon til Norge skal framførast ved slutten av årets kongress i Göteborg i september (Sjå også eige punkt i årsmeldinga)

**Foreningas medlemmer**

| | 2009 | 2008 | 2007 | 2005 | 2004 |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 Fellesråd / kommunar | 366 | 372 | 383 | 374 | 371 |
| 2 Sokneråd | 5 | 7 | 14 | 15 | 17 |
| 3 Personlege | 71 | 78 | 84 | 91 | 101 |
| 4 Livsvarige | 13 | 13 | 13 | 15 | 16 |
| 5 Firma, prostar, biskopar | 64 | 66 | 60 | 58 | 56 |
| 6 Æresmedlem | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Sum | 519 | 536 | 554 | 553 | 561 |

På medlemskap 1 og 5 er det anledning til å ha ekstraabonnentar, slik at medlemslistene i alt viser 1210 adresser.

**Fagleg råd**

Rådet består av leiar og nestleiar i NFK, samt representantar frå Fagforbundet, Delta (tidl.KFO), KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, HSH, gravferd (tidligare BFN) og Norsk bergindustri. I tillegg møter kyrkjegardskonsulenten og seniorrådgjevar i Kirkerådet Per Tanggaard. Dei to siste møter i kraft av eigen kompetanse. Prosjektleiar i NFK er sekretær for rådet.

Formålet med rådet er å skape ein arena for tverrfagleg drøfting av aktuelle kyrkjegardsfaglege problemstillingar, og å stimulere til tettare kontakt mellom aktørane i sektoren. Vidare skal rådet gi NFK sitt styre eit styrka grunnlag for målretta satsing for medlemmer og sektoren generelt.
Det har vore tre møter i rådet sidan førre årsmøte. To av møta har vore sett av til diskusjonar om behov for endringar i gravferdsloven. Representantar frå kultur- og kyrkjedepartementet var til stades på begge møta og bidrog til ein konstruktiv samtale der mange sentrale spørsmål blei tatt opp. Det er grunn til å hevde at Faglig råd gjennom lovdrøftnings-møta har vore med å gi et viktig og formålstenlig bidrag til det pågåande arbeidet med revisjon av gravferdsloven.
Faglig råd har oppfordra NFK og HSH, gravferd til å arrangere felles fagdagar om temaet "Gravferd og miljø". Planen er at eit slikt arrangement skal finne stad i 2011. Programmet vil bli lagt opp slik at det vil kunne ha brei interesse blant interessentar og aktørar i sektoren.

**Publikasjonar**
Tidsskriftet ***Kirkegården*** er komen ut med tre nummer i perioden: I september og november 2008, og mars 2009. Neste nummer kjem ut i slutten av juni, etter at fagdagar og årsmøte er gjennomført.
Redaktør er Alf Bergin. Redaksjonsutval: Arne Eggen, Helge Klingberg, Synnøve Haugstad Sira og Bjarne Kjeldsen.
Faglitteratur for sal:
Hefta ***Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd. Forskrifter***, ***Kirkegårdens ABC***, ***Gravminner i Gudbrandsdal, Idèkonkurranse om formgiving av gravminner*** og ***Kirkegårdens dag.***
Rapporten ***Drift og vedlikehold av kirkegårder -arbeidsforbruk og kostnader.***
Bøkene ***Kirkegården -et levende kulturminne*** og ***Utvidelser og nyanlegg av kirkegårder -håndbok for tiltakshaver.*** Bestillingsskjema ligg på våre nettsider www.kirkegaardskultur.no.

**Fagdagar 2008**
Torsdag 28. og fredag 29. august var 128 personar samla til fagdagar på Gardermoen. Årets tema var: Gravplass i vårt mulitkulturelle samfunn.
Foredrag: *Våre nye landsmenn og kyrkjegarden* v/tidl. ekspedisjonssjef i Kultur- og kyrkjedepartementet Ole Herman Fisknes, *Skal vi akseptere alt muleg?* v/Øystein Dahle, KA, *Gravlunden som ein del av integrasjonsprosessen* v/ religionshistorikar Alexa Døving, *Muslimske skikkar og behov - Gravferd på norsk-islamsk vis* v/Arshad Mohammed, Al-Khidmat begravelsesbyrå, *Historia om den jødiske gravlunden* v/Harry Rødner, *Erfaring med nye ønskjer frå nordmenn og framandkulturelle* v/direktør i Gravferdsetaten i Oslo Margaret Eckbo, *Eksempler på lokal tilpassing* v/kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, *Kremasjon: Tilrettelegging for etterlatne, seremonilokaler, logistikk* v/ arkitekt Espen Eskeland og krematoriesjef i Oslo Anne M. Brøndelsbo, *Spør-*

*jetime* m/bl.a. kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, *Orientering om Fagleg råd og kyrkjegardsdatabase* v/prosjektleiarane Bjarne Kjeldsen og Naomi Wilde, NFK og KA.
Synfaring: Høybråten kyrkjegard, med muslimsk felt og seremonistad.
Alfaset gravlund med felt for amadiya-muslimer og sigøynarfelt. Her var også Oslo sitt nye krematorium under bygging.
Østre gravlund med barneminnelund og jødisk gravlund.

**Kurs og arrangement**

Nytt! ***Kurs i omregulering i praksis*** 9. - 11. september 2008 i Horten med 12 deltakarar (fullt kurs). Kurset blei kjørt for første gong. Det var eit praktisk kurs, der vi tok utgangspunkt i tre felt på Horten kyrkjegard. Heile prosessen med registrering, oppmåling og teikning av nye kart blei så gjennomført. Ei slik opprydding fører til betre oversikt, faste oppmålte gravstørrelsar og frigjorte graver.
Tema: Omregulering av kyrkjegard, Registrering av freda graver, Gravplaner, målemerke mv., Omreguleringsplan, Omregulering: Kontroll i terrenget, framstilling av gravplan, utsetting av målemerke.
Foredragshaldar/instruktør: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg
Nytt! ***Praktisk kyrkjegardsdrift del 2*** 11. - 13. november 2008 i Ålesund med 30 deltakarar (fullt kurs). Kurset blei kjørt for første gong, og var ein oppfølgjer til grunnopplæringskurset.
Tema: Rutinar frå melding til gravferd - samarbeide og informasjonsflyt, Kremasjon og urnenedsetting: Sikkerhet, rutinar, kontakt med etterlatne, Etikk, estetikk og etikette på kyrkjegarden, Gruppearbeid, Driftsøkonomi, Grøntanlegget, Fleirkulturell gravferdsforvaltning, Plastgraver, Gravminne og plantefelt.
Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, prosjektleiar i NFK og KA Bjarne Kjeldsen, landskapsingeniør Per Göran Marcusson, driftsleiar ved Ålesund krematorium og kyrkjegardar Monica Gjerde.
***Praktisk kyrkjegardsdrift*** 31. mars - 3. april 2009 i Stjørdal med 30 deltakarar (fullt kurs). Kurset er ei grunnopplæring i kyrkjegardsdrift.
Tema: Lover og reglar for kyrkjegarden, Praktisk drift og vedlikehald, Gravminne, Gravferda, Kyrkjegardsteknikk, Nyanlegg og utviding, Oppdatering av kartverk, Gravregistrering, Gravfeste, Gravlegat, Møte med menneske i sorg.
Foredragshaldarar: Kyrkjegardskonsulent Helge Klingberg, gartnar Eva Marie Larsen, og sjukehusdiakon Anne Hirsch.
Deltakarar på våre kurs har vore kyrkjegardsarbeidarar, driftsleiarar, kyrkjeverjer og kontorpersonale.

**Internasjonalt samarbeid**

Det nordiske samarbeidet foregår i samarbeidsorganisasjon ***Nordiska förbundet för kyrkogårdar och krematorier (NFKK)***. Våre representant i perioden

har vore kyrkjeverje i Bergen Gunnar Wik, med kyrkjeverje i Fredrikstad Odd Andersen som vara. Wik fratrådte sitt verv i mars, og Andersen gjekk då inn som fullt styremedlem. Organisasjonen har ansvar for planlegging og gjennomføring av ein nordiske kongress kvart 4. år.
I 2009 er det Sverige og Göteborg som er arena for nordisk kongress. Der vil det bli valt nytt styre i NFKK, som så vil vere ansvarleg for å arrangere neste kongress i Norge i 1013.
Medlemskap i den europeiske ideelle organisasjonen ***Association of Significant Cemeteries in Europe (ASCE)***, som arbeider for å auke kunnskapen om europeiske kyrkjegardar som ein grunnleggjande del av vår felles kulturarv.

## SAK 3: REKNESKAP

Styrets forslag til godkjenning av rekneskap for 2008:

| INNTEKTER | Rekn. 2008 | Budsj. 2008 | Rekn. 2007 |
|---|---|---|---|
| Kontingentar | **743 350** | 700 000 | 761 198 |
| Sal publikasjonar og annonsar | **185 243** | 200 000 | 236 885 |
| Fagdagar, årsmøte | **365 118** | 300 000 | 443 491 |
| Kurs | **454 916** | 500 000 | 616 349 |
| ASCE-konferanse | **0** | 0 | 131 642 |
| Tilskott | **100 000** | 100 000 | 100 000 |
| Andre inntekter | **66 894** | 20 000 | 25 154 |
| Renteinntekter | **53 349** | 20 000 | 33 411 |
| **Sum** | **1 968 870** | 1 840 000 | 2 348 130 |
| **UTGIFTER** | | | |
| Publikasjonar | **293 332** | 300 000 | 289 513 |
| Fagdagar, årsmøte | **307 591** | 250 000 | 448 351 |
| Kurs | **371 436** | 410 000 | 478 066 |
| ASCE-konferanse | **0** | 0 | 114 901 |
| Styreutgifter | **57 275** | 75 000 | 70 668 |
| Kontor, administrasjon | **92 455** | 80 000 | 106 087 |
| Nordisk samarbeide | **72 555** | 30 000 | 33 561 |
| Utval | **0** | 15 000 | 0 |
| Lønnsutgifter | **343 352** | 340 000 | 349 742 |
| Prosjektleiar inkl. kontor | **368 419** | 320 000 | 323 758 |
| Andre kostnader | **34 194** | 20 000 | 24 111 |
| **Sum** | **1 940 609** | 1 840 000 | 2 238 758 |
| **RESULTAT** | **28 261** | 0 | 109 372 |

| **BALANSE** | **2008** | 2007 |
| --- | --- | --- |
| EIGEDELAR | | |
| Omløpsmidler: | | |
| Drangedal og Tørdal Sparebank | **696 804** | 689 960 |
| Utestående | **38 471** | 76 197 |
| **SUM EIGEDELAR** | **735 275** | 766 157 |
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | |
| Eigenkapital: | | |
| Fri eigenkapital pr. 1.1 | **566 484** | 457 112 |
| Årets resultat | **28 261** | 109 372 |
| Sum eigenkapital | **594 745** | 566 484 |
| Kortsiktig gjeld: | | |
| Skyldig skatt, avgifter, lønn | **51 326** | 55 998 |
| Annan kortsiktig gjeld | **89 204** | 143 675 |
| Sum gjeld | **140 530** | 199 673 |
| | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | **735 275** | 766 157 |

## Revisjonsberetning for 2008

Vi har revidert årsregnskapet for Norsk Forening for Kirkegårdskultur for regnskapsåret 2008, som viser et overskudd på kr 28 261. Årsregnskapet består av resultatregnskap og balanse. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet er avgitt av foreningens styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og interne kontrollsystemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at

- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av foreningens økonomiske stilling 31. desember 2008
- styret har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge

Kragerø, 2. april 2009

Erik Gudbrandsen
statsautorisert revisor

## SAK 4: FASTSETTING AV KONTINGENT

Det foreslås inga endring i kontingenten for 2010

## SAK 5: BUDSJETTFORSLAG

Styrets forslag til budsjett for 2010:

| **INNTEKTER** | | **UTGIFTER** | |
|---|---|---|---|
| Kontingentar | 740 000 | Publikasjonar | 300 000 |
| Sal publikasjonar, annonsar | 210 000 | Fagdagar, årsmøte | 300 000 |
| Fagdagar, årsmøte | 350 000 | Kurs | 450 000 |
| Kurs | 550 000 | Styreutgifter | 70 000 |
| Tilskott | 100 000 | Kontor, administrasjon | 90 000 |
| Andre inntekter | 45 000 | Nordisk samarbeide | 30 000 |
| Renteinntekter | 20 000 | Lønnsutgifter | 380 000 |
| | | Prosjektleiar inkl. kontor | 370 000 |
| | | Andre kostnader | 25 000 |
| Sum | 2 015 000 | Sum | 2 015 000 |

## SAK 6: INNKOMNE SAKER

Orientering om ny medlemsundersøking, og vidare arbeid i styret.

## SAK 7: VAL AV LEIAR, STYREMEDLEMMER OG VARAMEDLEMMER

Valkomitèens forslag:

**To styremedlemmer for to år:**
Eirik Stople, gravlundssjef i Stavanger (gjenval)
Tove Kirsten Hansen, kyrkjeverje i Alstahaug (gjenval)

**To varamedlemmer for eit år**
1. Randi Moskvil Letmolie, kyrkjeverje i Horten (gjenval)
2. Ola Asp,  dagleg leiar i Vestfold og Telemark krematorium IKS (gjenval)

## SAK 8: VAL AV REVISOR

Styret foreslår gjenval av revisorfirmaet Ernst & Young AS.

## SAK 9: VAL AV VALKOMITÈ

Styrets forslag:
Harald Geir Sæther, Kyrkjeverje i Fusa
Mary Mentzoni Iversen, oppsynsmann i Harstad
Stein Olav Hohle, driftssjef i Oslo

## SAK 10: FASTSETTING AV STAD FOR NESTE ÅRSMØTE

Styrets forslag til stad for 2010 vil bli lagt fram på årsmøtet.

# INFORMASJON OM FAGDAGAR 2009

**Tid:** 10. - 11. juni 2009

**Stad:** Clarion Hotel, Ny Olavskleiv 8, Stavanger

**Møteavgift:** kr 1.620
kr 1.215 for alle medlemmer (25% rabatt)

**Overnatting:** kr 3.215 i enkeltrom, full pensjon
kr 2.620 i dobbeltrom, full pensjon
Det inkluderar overnatting, frokost, lunsj, kaffimåltider, utflukt, og festmiddag onsdag kveld på Jærgarden Kvalbein
Ekstraovernatting ved ankomst dagen før:
Enkeltrom kr 1.650, dobbeltrom kr. 900 pr.pers m/frokost

**Møtepakke:** kr. 1.635 for dei som ikkje treng overnatting
Det inkluderar lunsj, kaffimåltider, utflukt, og festmiddag onsdag kveld på Jærgarden Kvalbein

B-Economique
NORGE P.P.
DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE

# PÅMELDING

**PÅMELDINGSFRIST: Snarast**

**Namn:**..........................................................................................................

**Stilling:**........................................................................................................

**Fakturaadresse:**..............................................................................................

...........................................................................................................................

---

☐ **Møtepakke (for dei som ikkje skal bu på hotellet).**

---

**Bestilling av hotellrom med full pensjon:**

☐ **Enkeltrom**
☐ **Dobbeltrom saman med**..........................................................................

**<u>Ekstraovernatting</u> m/frokost 9. - 10. juni:**

☐ **Enkeltrom**
☐ **Dobbeltrom saman med**..........................................................................

---

**Informasjon og priser står på side 11, programmet står på side 2**

*Stadfesting av påmelding blir sendt fakturaadressen ca. to veker før møtestart, med program, faktura på møteavgift og hotellopphald / møtepakke.*

*Avmelding: Inntil 10 arbeidsdagar før: Gebyr kr 200. Avmelding inntil 3 dagar før: Gebyr kr 500. Møter ikkje: Ingen refusjon av møte-/kursavgift. Eventuelle fakturerte utgifter frå hotellet kjem i tillegg. Gjeld også ved sjukdom.*

**Send påmeldinga til:**

## Norsk forening for kirkegårdskultur

Neslandsvatn, 3750 Drangedal

Tlf. 35 99 45 74, e-post: post@kirkegaardskultur.no

Eller bruk påmeldingsskjemaet på nettsida: www.kirkegaardskultur.no